

# Innbyding jubileumsstemne Lars L. Ese 100 år



**Det er i år 100 år sidan Lars L. Ese vart fødd. I samband med dette byr skyttarlaga Balestrand og Fjordane inn til jubileumsstemne i Esebotn 20.-21.august.**

## **Skyteprogram:**

Det vert nytta det gamle skyteprogrammet som Lars L. vart skyttarkonge i, alle dei 4 gongene han vann Landsskyttarstemna. Alle klassar får endra program i høve dagens meisterskapsprogram. Programmet vert "ikkje klassesetjande".

### *200m Klasse 1-5, V55*

Klassevis 10 skot grunnlag med 2min skytetid + 10 skot omgang 1min skytetid + 10 skot omgang 1min skytetid. Prøveskot 3min før kvar serie.

### *200m Kikkertklassen*

10 skot grunnlag med 2min skytetid + 10 skot omgang 1min30sek skytetid + 10 skot omgang 1min30sek skytetid. Prøveskot 3min før kvar serie.

### *200m Kragklasse*

Det vert tillaga ein eigen Krag klasse under denne stemna. Programmet for denne klassen fylgjer klasse 3-5 programmet.

### *100m R-ER-J-V65*

Klassevis 10 skot grunnlag med 2 min skytetid + 10 skot omgang 1min30sek skytetid + 10 skot omgang 1min30sek skytetid. Prøveskot 3min før kvar serie.

### *100m EJ*

10 skot grunnlag med 2min skytetid + 10 skot omgang 1min skytetid + 10 skot omgang 1 min skytetid. Prøveskot 3min før kvar serie.

### *100m NU-NV-V73*

Klassevis 10 skot grunnlag med 2min30sek skytetid + 10 skot omgang 2min skytetid + 10 skot omgang 2min skytetid. Prøveskot 3min før kvar serie.

## **Premiering**

Lars L. Ese sin minnemedalje i sølv til alle deltakarar. Elles pengepremiering på grunnlaget og fyrste omgangen i kvar klasse, med unntak av NU, som får gjenstandspremie.

## **Innskot**

Klasse 1-5, Veteran og Kikkert: kr 200,- (arr. 80,- premie 80,- del av medaljekostnad 40,-).  
Klasse R-ER-J-EJ-NU og NV: kr 100,- (arr. 40,- premie 40,- del av medaljekostnad 20,-).

## **Påmelding**

Påmelding på [mittdfs.no](http://mittdfs.no) frå 24.juli - 17.august. Påmelding på ledige skiver under stemnedagane. Arrangerande personell skyt i forkant av stemna, med redusert kapasitet for andre å melda seg på.

## **Annan informasjon**

Deler av premiesamlinga til Lars L. Ese vert stilt ut under stemnedagane. Her kan ein få sjå kongepokalane og deler av medaljane han vann i si tid.

I samband med jubileet har det blitt utarbeidd eit hefte om personen og skyttaren Lars L. Ese. Dette heftet vert lagt ut for sal under stemna.

Laurdag ettermiddag vert det ei markering ved minnesteinen etter Lars L. Ese, i Balestrand sentrum.

Det vert kiosksal under stemna.

Denne stemna vert også Heradsstemne for skyttarlaga i Sogndal kommune.

Velkommen til Esebotn!

